

Viktig reiselivsmøte på Solheim mandag

28.02.2007



Verksemgsleiar Tormod Fossheim i arbeid under idedugnaden på Handeland gard. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag blir et halde eit viktig møte på Solheim Turiststasjon om framtida til reiselivet i Kvinnherad og bygdene omkring. Det er kommunen i samarbeid med Samarbeidsrådet i Sunnhordland som inviterar og tema er sesongutvidingsprosjektet og organisering av reiselivet i Kvinnherad. Alle reiselivs- og handelsbedrifter i kommunen er invitert

Spørsmåla som reisast er kva sesongutvidingsprosjektet kan bety for reiseliv- og handelsbedriftene i Kvinnherad og korleis ein skal gå vidare med organiseringa av næringa i kommunen.

Sesongutvidingsprosjektet er eit resultat av det reiselivssatsinga i vårt fylke som er utløyst av kompensasjonsmidlar for auka arbeigsgjevaravgift. Prosjektet skal gjera attraksjonane her tilgjengelege for reisande også utanom hovudsesongen. Helge Møller i Reisemål Hardanger Fjord AS er prosjektleiar og vil vera tilstades på møtet.

Nåre det gjeld organiseringa, hadde kommunen ein idedugnad på Handeland gard i januar – med representative reiselivsaktørar i kommunen som deltakarar. Formålet var å leggja premissar for korleis reiselivet i Kvinnherad best kan organiserast slik at kvar aktør kan dra optimal nytte av storsatsinga som no skjer (jamfør sesongutvidingsprosjektet).

Iidedugnaden kom fram til denne konklusjonen:

- Næringa må få ein langsiktig strategi, gjennom kommuneplan.
- Det må ansettast ein person som berre jobbar med reiselivet.
- Politikarane må løyva pengar til ei koordinatorstilling.
- Det må utarbeidast eit reiselivsrekneskap.
- Det må etablerast ei felles internetside som aktørane sjølve koordinerer.

Rådmann Trond Sætereng tok på seg ansvaret for å vidareføra resultatet av idedugnaden.

Karen Løfall Våge i kommunen vert no fristilt for å ta seg av turistinformasjon foreløpig ut august, og det vert arbeidd med finansieringsløysingar slik at ho kan jobba med reiseliv for kommunen ut året i 40 prosent stilling. I tillegg har Samarbeidsrådet engasjert henne i 40 prosent i same tidsrom for å arbeida med reiselivsprosjekt i deira regi. Grunnlaget er difor lagt for ein person som berre jobbar med reiseliv, slik det vart kravd under dugnaden.

Reiselivssatsinga skjer regionalt og ein slik stilling vil også i framtida verta finansiert i samarbeid eller partnerskap. Ein slik funksjon skal tenkja marknadsføring og produktutvikling for heile regionen og kan derfor ikkje bistå kvar næringsaktør individuelt, skriv verksemdsleiar Tormod Fossheim og Karen Løfall Våge i innbydinga til Solheim-møtet.

Dei legg til at det er viktig at næringa i kvar kommune organiserer seg i eit reiselivslag som kan knytta kontakten mellom den einskilde aktør og "regionsfunksjonen". Ei slik organisering vert tema på Solheim og deltararane vert oppmøda om å tenkja ut forslag til organisering. Målet er at ein på møtet skal koma fram til ei skisse og ein plan for det vidare arbeid.

Av Ola Matti Mathisen



Helge Møller i Hardanger Fjord blir ein sentral deltagar i møtet på Solheim Turiststasjon. (Foto: Ola Matti Mathisen)